

Tømming og kontroll av private slamavskiljarar

ØYGARDEN KOMMUNE

Dette gebyrregulativet er vedteke av kommunestyret i Øygarden kommune den 11.12.2025 med heimel i lov av 1. juli 2012: Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift av 1. juli 2004. nr 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 16-1 anna ledd; jf. forskrift om tømming av private avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.19 og forskrift om gebyr for kontroll og tilsyn av avløpsleidningar og avløpsanlegg i Øygarden kommune, vedteke av kommunestyret den 19.12.19.

SIDE 1/2

Regulativet gjeld frå den 01.01.2026. Alle gebyrsatsar er oppgitt inkl. mva.

ÅRSGEBYR TØMMING AV SLAMAVSKILJAR

Private avløpsanlegg	Satsgrunnlag	Sats
For bustad med slamavskiljar	pr. bueining ¹	1 830,-
For fritidsbustad med slamavskiljar	pr. bueining ²	1 139,-
For andre bygg med slamavskiljar	pr. m ³ tømming ³	914,50
For bustad med ferjetømming av slamavskiljar	pr. bueining ¹	5 796,-
For fritidsbustad med ferjetømming av slamavskiljar	pr. bueining ²	2 898,-

Merknader

- 1) Bustad med eigen slamavskiljar blir tømt annakvart år.
- 2) Fritidsbustad og liknande blir tømt kvart 4. år.
- 3) Andre bygg, som til dømes næringsbygg, skular, forsamlingshus og institusjonar, vert fakturert basert på avløpsanlegget sin belastning og storleik, målt i kubikkmeter. Tømmefrekvensen blir avtalt i samråd med ØyVAR.

Døme årsgebyr for slamavskiljar med volum 20 m³ med tømming:

- 3 gonger årleg: $20 \text{ m}^3 \times 3 \times \text{kr. } 914,50 = \text{kr. } 54\,870,-$
- 2. kvart år: $20 \text{ m}^3 \times 0,5 \times \text{kr. } 914,50 = \text{kr. } 9\,145,-$

Dersom bustadar eller fritidsbustadar deler slamavskiljar med andre bygg, må tømmefrekvensen avtalast i samråd med ØyVAR.

For slamavskiljar som er tilknytt offentleg avløpsnett, er kostnaden til tømming annakvart år inkludert i det årlege avløpsgebyret.

Tømming og kontroll av private slamavskiljarar

ØYGARDEN KOMMUNE

SIDE 2/2

Tilleggsgebyr

Pris for tilleggsarbeid ved tømming av slamavskiljar på ordinær tømmerute

Tilleggsarbeid ved tømming av slamavskiljar blir fakturert direkte frå ØyVAR til abonnenten etter faktiske utgifter.

Pris for ekstratømming

Ekstratømming ut over dei ordinære tømmefrekvensane blir fakturert direkte frå operatør til abonnenten.

Årsgebyr kontroll

Saksbehandling i samband med kommunens kontroll og tilsyn med avløpsanlegg/ myndighetutøving er ikkje avgiftspliktig.

Private avløpsanlegg	Sats pr. år
Pr. eigedom tilknytt privat avløpsanlegg	kr. 295,-